



Klatreveggen er ein viktig del av tilbodet i Aktivitetshuset. Her står kunstnaren Gaute Haugland foran han saman med styreleiar Bjørn Olav Tveit og sonen Viljar etterat veggen vart eit kunstverk! (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det vart eit underskot i fjor på 27.168 kroner for Aktivitetshuset mot 16,576 året før, men underskotet blir dekt av annan eigenkapital.

Styret skriv i årsmeldinga at med den utvikling huset no er inne i, ligg tilhøva etter deira meining godt til rette for vidare drift og utvikling.

Det er kalla inn til generalforsamling tysdag 7. juni på skulen. Ein finn innkallinga under Aktivitetshuset til venstre her på sida.

Leigeinntektene i fjor var 100.800 kroner mot 109.010 året før medan dei hadde 53 051 (46 532) i andre inntekter.

Driftskostnadane var 137.068 (110.610)

Revisjonsfirmaet Inter Revisjon Sunnhordland

held fram at rekneskapen gjev

eit rettvisebilete av den finansielle stillinga.

Selskapet har 716 aksjar og idrettslaget har 300 av dei. Fordelinga er elles slik: Bringedal Eiendom 25, helselaget 25, Umoe Schat Harding 25, Uskedalen Utvikling 20, friluftslaget 10, Brødrene Hjønnvåg 20, Nilsen Handel 10, Uskedalen Båtlag 10 og Uskedal Trelastlager 10.

Styremedlemmene har 1 aksje kvar og dei som sit i styret no er Bjørn Olav Tveit (leiar), Odd Steinar Arnesen, Trond Lekva Myklebust, Edle Lomheim og Michael Valvatne Røssland.

Av Ola Matti Mathisen